

Juleverkstad under høgtrykk ikveld

10.11.2014



- Slik lager dere marsipan, seier Nelly og Elin

Det er framleis ei god stund att til den store høgtida, men Indremisjonen i bygda har allereie invitert til juleverkstad.
- Praktisk å få gjort unna slike arrangementer så vert det ikkje så stressprega mot slutten, slo leiar Jon Harald Kjærland fast og primus motor Nelly var einig. Begge og dei andre tilskiparane var såre fornøgd med verdstaden ikveld og det hadde dei også all mogeleg grunn til. Det kom 22 unge opp til 4. klasse og arrangementet vart avvikla under høgtykk og bar preg av entusiasme og forventning.



Blomepinnar var Svanhild sin spesialitet

Så var da også organiseringen prikkfri og firedele:



Jon Harald sitt fagfelt var julelenkjer

* Elin og Nelly lærte dei unge korleis dei lagar marsipan

* Produksjon av blomepinnar var det Lise Marie og Svanhild som tok seg av.

- * Perlinga var ved Camilla og Trude
- * Julelenker viste Jon Harald,Niklas og Joacim.



Lise Marie Litlabø hadde andakten

Alle fekk bli med på alle gruppene hvis dei hadde høve til
det og var var grunn til å vera imponert over hva dei fekk til
Verkstaden vart innleia av barne- og ungdomsarbeidar
i Samskipnaden Lise Marie Litlabø som heldt andakt
med stort engasjement av dei unge.

Både foreldre og besteforeldre var entusiastisk
representert.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen